



Barne- ungdoms- og familiedirektoratet

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bente Cecilie Foss, 5557 2233

## Oppsummeringsrapport av innspel frå kommunane i Vestland om barnevernreforma

Vi har fått tilbakemeldingar og innspel frå kommunane gjennom digitale møter den 4.september. I møta deltok kommunalsjefar med ansvar for barnevern, barnevernleiarar og Bufetat region Vest. Kommunane vart delt i grupper og fordelt på tre ulike møter for at alle skulle få høve til å komme med spørsmål og innspel om reforma. Kommunar som ikkje kunne delta i møtet blei oppfordra til å sende innspel på e-post.

I forkant av møta la vi fram resultat frå Bufdir si undersøking på barnevernleiar- og læringsnettverkssamlinga den 1- 2. september. På samlinga med omlag 90 deltakarar blei det òg gitt generell informasjon om barnevernreforma. I tillegg til Fylkesmannen sine tilsette deltok leiarar frå barneverntenestene, representantar frå KS, Bufetat, brukarorganisasjonar og kompetansemiljøa på barnevernsområdet.

Denne oppsummeringa er basert på dei tilbakemeldingane vi har fått frå kommunane både på samlinga, i møte og per e-post.

Hovudintrykket er at reforma er kjend for kommunane. Nokre kommunar melder at reforma kunne vore meir ambisiøs og at den ikkje gjev tilstrekkeleg store endringar knytt til barnevernstenesta sine oppgåver. Andre kommunar seier at reforma kan bli krevjande med omsyn til kompetanse og oppgåver. Alle kommunane ønskjer snarleg avklaring om økonomi og finansiering.

Fleire meiner det er bra at kommuneleiinga har blitt involvert tidleg i prosessen, og at dette er vesentleg for å lukkast med reforma. Fleire peikar på at det er avgjerande å rette merksemd mot kommunanes heilskaplege ansvar for tidleg innsats på tvers av tenesteområda. Fleire kommunar har hatt fokus på dette over tid, og kjenner seg godt førebudd, medan andre meiner at omstillinga vil bli krevjande for kommunen.



## Oppsummering av tilbakemeldingane frå kommunane

### Finansiering

Kommunane ønsker tydelege økonomiske rammer så snart som mogleg. Klare økonomiske rammer er avgjerande for å kunne gjere naudsynte førebuingar og dimensjonere reformarbeidet rett. Fleire kommunar reiser spørsmål om korleis fordelingsnøkkelen vil bli. Til dømes om kommunar som har jobba godt førebyggjande og brukar få institusjonsplassar/tiltak i dag, kjem dårlegare ut enn andre. Vidare er det spørsmål om den økonomiske ramma vil vere tilstrekkeleg for å lukkast med reforma, og om tilskot blir gitt i ramme eller øyremerka.

### Behov for avklaringar av kva som ligg i nye oppgåver og ansvar

Det må bli tydeleg kva for oppgåver som vil ligge til kommunane, og kva som vil ligge til Bufetat etter 2022. Det er viktig for kommunane med ei rask avklaring slik at dei kan iverksette tiltak både kommunalt og interkommunalt for å bygge opp kompetansemiljø, og gode tiltak for å ivareta dei nye oppgåvene. Fleire ynskjer klare avtalar eller føringar for korleis oppgåvene skal overførast frå Bufetat til kommunane. Nokre kommunar er uroa for om dei vil klare å byggje opp eigne tenester tilstrekkeleg innan 01.01.2022.

### Fosterheimar

Kommunane ønskjer informasjon om kva dei kan forvente frå Bufetat knytt til overføring av kompetanse på fosterheimsområdet i perioden fram til 2022.

Det må bli tydlegare kva om ligg i at omsorgskommunen får fullt ansvar for godkjenning og oppfølging av fosterheimar. Til dømes korleis ein skal løyse dette når det er lange avstandar til bustadkommunen.

### Samarbeid og organisering

Fleire peikar på at det er avgjerande for å lukkast med reforma, at det er eit godt samarbeid kring førebyggjande arbeid og tidleg innsats på tvers av tenesteområda i kommunen. Fleire løfta fram kor viktig det er å tenke heilskapleg for å fange opp sårbare barn og unge, og gje rett hjelpe til rett tid. Det er stor variasjon i korleis kommunane melder om at dette fungerer per i dag.

Store oppgåver er lagt til kommunane, og fleire kommunar peiker på at alt kan ikkje løysast ved å be kommunane prioritere betre. Nokre kommunar opplever at det ikkje alltid er samanheng mellom oppgåvene som blir lagt til kommunane på dei ulike tenesteområda. Det er viktig for kommunane at arbeidet med reforma vert godt koordinert på tvers av ulike tenesteområde som psykisk helse, helsestasjon, barnevern, skule og barnhage.

### Behov for støtte

Kommunane ynskjer hjelp til å halde fokus på reforma, og til å halde seg oppdatert i prosessen fram mot 2022.

Dei ynskjer at det blir lagt til rette for møtepunkt der kommunane kan snakke saman om tiltaksutvikling og fosterheimsarbeid på tvers av kommunegrensar. Vidare ynskjer kommunane hjelp og støtte til å drifte nettverk for å understøtte utviklingsarbeidet i kommunane. Læringsnettverka er ein fin arena for dette.



Fleire ynskjer at det blir lagt til rette for møtepunkt der kommunane på leiarnivå, både administrativt og politisk, har fokus på reforma og implikasjonane, saman med sentrale aktørar som KS, Bufetat, kompetansmiljøa og Fylkesmannen.

Kommunane treng kompetansehevande tiltak for å kunne møte dei faglege forventningane som ligg i reforma, både på hjelpetiltak- og fosterheimsområdet. Vidare ynskjer dei hjelp til å rette fokus mot tidleg innsats og førebyggjande arbeid på tvers av tenesteområda. Nokre kommunar seier òg at dei har behov for auka kompetanse og tydlegare retningslinjer for dette arbeidet.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen  
seksjonssjef

Bente Cecilie Foss  
seniorrådgjevar